



## ORIENTERING OM SKULEFRITIDSORDNINGA PÅ BYGLANDSFJORD

### SKULEÅRET 2022-2023.

Frå 01.08.2021 får SFO eigen rammeplan som gir retningslinjer og føringar for verksemda. Ein avgjer framleis mykje av innhaldet lokalt, og legg opp til medverknad frå føresette på foreldremøtet ved skulestart.

Føresette må sjølv sørge for eventuell skyss til og frå SFO. Dei må også betale for eventuelle måltider. Dette kjem i tillegg til den ordinære månadlege innbetalinga. Matpengane blir fakturert månadleg på den ordinære rekninga. Påmeldinga til SFO er bindande. Oppseiingstida er ein måned. Plassen kan ikkje seiast opp etter 1. april (då må ein i så fall betale ut skuleåret).

Diverse info om SFO kan du finne i årsplanen som ligg på oppvekstsenteret si heimeside [www.bygopp.no](http://www.bygopp.no). For å søkje om SFO-plass, kan du gå inn på heimesida til Bygland kommune og søkje elektronisk. Du finn søknadsskjema under «skjema». Ta gjerne kontakt om noko er uklart eller om de lurar på noko!

#### Betalinga vil vere etter fire satsar:

Sats:	Timer	SFO	Matpengar
Sats 1	1 til 5 timar pr. veke	kr. 840,-	Kr. 110,-
Sats 2	6 til 10 timar pr. veke	kr. 1363,-	kr. 150,-
Sats 3	11 til 15 timar pr. veke	kr. 2005,-	kr. 180,-
Sats 4	16 til 25,75 timar pr. veke (23,75 t)	Kr. 2374,-	Kr. 210,-
Timesats ekstratimar		kr. 43,-	

#### Merknadar:

- ✓ SFO er open frå kl. 07:15 – 16:30
- ✓ Skuletida:
  - 1.-2. klasse: 22 t/v
  - 3.-4. klasse: 25 t/v
- ✓ Det blir gitt 50 % søskenmoderasjon i SFO
- ✓ Det må betalast ekstra for timar utover betalingsatsen i feriar. Det vil også då bli gitt søskenmoderasjon.
- ✓ Matpenger høyrer til satsen uansett kor mange måltid barnet har på SFO.
- ✓ **Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga for barn på 1. og 2. trinn:** Ingen skal betale meir enn 6% av husstanden si inntekt for SFO-plass.

#### Oversikt over skuletida:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
SFO frå 07:15					
Skule 1.-2. kl.	09:00-14:30	09:00-12:40	09:00-12:40	09:00-14:30	09:00-11:35
Skule 3.-4. kl.	09:00-14:30	09:00-14:30	09:00-12:40	09:00-14:30	09:00-11:35
SFO til 16:30					

**Søknadsfrist:** 1. mars 2022. Ved opptak, gjeld plassen for 12 månader frå 01.08.22. Ein betalar for 11 månader pr. år.

**SFO har sommarstengt** dei tre siste vekene i juli (28, 29 og 30). Etter sommarferien opnar SFO måndag 01.08.22. SFO har også stengt 5 planleggingsdagar i løpet av året.